

Soga om laksdølane

[– Bibl.]

- Om sentrale aktører (jfr. ættetavle)
- Samandrag med struktur
- Om genrens konstituering (munnleg / skriftleg)
- Dei viktigaste periodane i denne konstitueringa
 - Landnámstida (870) 900–930
 - Sagatida (hovudhandlingane) 930–1030
 - (Kristendommen 1000; forh. til Norge)
 - Munnleg tradering / forming av stoffet
 - Nedskriving 1200-talet (ca. 1230-1260)
 - (*Laksdøla* ca. 1250, kanskje litt før)
 - (Norges kongemakt 1262)
- Om friprosa / bokprosa
- Om tematikk
- Om kompositoriske /strukturerande verkemiddel
- Om personskildring (derunder: fortellemåte og -kode)
 - Dramatisert og personal vurdering
 - Selektiv holdning i personskildringa
 - Autoral vurdering?
- Om psykologiserande vs. litterariserande forståing
- Eit formalistisk syn?
- Soga som episk diktning: ekspansjon og forsterking; retardasjon og gjentakning
- Avrunding, nedtrapping (m.a. av følelsar)
- Repetisjon / Gjentakingsstrukturar / Parallellismar
- Interpretasjon

Selektiv bibliografi

- Soga om laksdølane*, oms. Bjarne Fidjestøl, 5. utg., Oslo: Det Norske Samlaget, 1994.
- Aarseth, "Islendingesagaen som episk struktur", i *Episke strukturer. Innføring i anvendt fortellingsteori*, [1976], 4. oppl., Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget, 1994, ss. 75-95.
- , "Fiksjon og virkelighet", *ibid.*, ss. 53-74.
- Bjarne Fidjestøl, "Innleiing", i *Soga om laksdølane*, op.cit., ss. 7-18.
- , "Norrøn felleslitteratur", i B. F. et al. (red.), *Norsk litteratur i tusen år. Teksthistoriske linjer*, Oslo: Cappelen, 1996, ss. 29-125.
- M. I. Steblin-Kamenskij, *Islendingesogene og vi*, oms. Bjarne Fidjestøl, Oslo: Det Norske Samlaget, 1975.
- Thomas Bredsdorff, *Kaos og kærlighed. En studie i islendingesagaers livsbillede*, [1971], 2. utg., København: Gyldendal, 1995.
- Peter Hallberg, *Den isländska sagan*, Stockholm: Svenska Bokförlaget, Bonniers, 1956.
- Preben Meulengracht Sørensen, *Fortelling og ære*, Oslo: Universitetsforlaget, 1995.
- A. C. Bouman, "Patterns in the *Laxdoela Saga*", i A. C. B., *Patterns in Old English and Old Icelandic Literature*, Leiden, 1962, ss. 109-159.
- Theodore M. Andersson, *The Problem of Icelandic Saga Origins. A Historical Survey*, New Haven and London: Yale University Press, 1964.
- Knut Liestøl, *Den islenske ættesaga*, Oslo, 1929.
- Rolf Heller, "Studien zu Aufbau und Stil der *Laxdoela Saga*", i *Arkiv för nordisk filologi*, 75, 1960, ss. 113-167.
- , "Literarisches Schaffen in der *Laxdoela Saga*", i *Saga*, Heft 3, Halle, 1960.
- , "*Laxdoela Saga* und *Königssagas*", i *Saga*, Heft 5, Halle, 1961.
- A. U. Bååth, *Studier öfver kompositionen i några isländska ättssagor*, Lund: Fr. Berlings Boktryckeri och Stiltgjuteri, 1885, sær. ss. 42-88.
- Andreas Heusler, *Die Anfänge der isländischen Saga*, Berlin: Königl. Akademie der Wissenschaften, 1914.

Ei anonym, gammalisländsk soge. Skriven ned ved midten av det 13. hundreåret (truleg mellom 1230 og 1260), oppstått i området rundt Breidafjorden, Vest-Island. Overlevert i Modruvallabók og i ein kopi av pergamenthandskriftet Vatnshymna, dessutan i nokre til dels svært gamle fragment og i talrike papirhandskrifter. Bl.a. ut frå Peter Hallbergs språkstatistiske granskning (1963) heller ein til at forfattaren kan vere Olav Kvitaskald (Olav Tordsson (1210-1259)), lærd diktar, fyrsteskald og skaldeteoretikar (han var son til Tord Sturlason, vidare nevø til Snorre Sturlason, og bror til Sturla Tordsson - den største historikaren i Island i si tid).

- Harald Hår. Soga omfattar heile den såkalla sagatida (ca. 900-1030). Ho fortel om liv og virke
ca860-940 at etterkommarane til den mektige norske hersen Kjetil Flatnev (Ketill flatnefr = flatnase); alle budde i dalane nord og aust for Breidafjorden. Ein av desse dalane er Laksárdal. Kjetil Flatnevs dotter Unn den djuptenkte utvandra til Island (som brørne Bjørn den austrøne, Helge Bjolan og svogeren Helge den magre), men ho reiste først med faren til Skottland, og tok seg deretter til Island via Orknøyane og Færøyane. Hennar landnam på Island: ca 890. Unn gav Laksárdal til barnebarnet Torgjerd Torsteinsdóttir (Raud) i medgift (Torgjerd først gift med Koll, deretter med Herjolv).
- I
(Hoskuld) Torgjerd's son (med Koll) Hoskuld, og Hoskuld's son Olav På (som Hoskuld hadde med
Håkon d.g. slaven Melkorka, dotter til irskekongen Myrkjartan, kjøpt i Norge) er hovudpersonane
ca920-960 i sogas første del. Inkludert er arvestriden mellom halvbr. Hoskuld og Hrut. Forlik.
Harald Gf. Frå ei reise til Norge har Hoskuld med seg Melkorka til Island som "andrekone" (den
ca935-970 (Hrut) eigentlege kona heiter Jorunn). Olav med tilnamnet På er altså Hoskuld's og Melkorka's
son. Hans venleik og prektige måtar vekker tidleg åtgaum og beundring. Ved sine
reiser til Norge og Irland veks omdømmet hans endå meir. Av irske kong Myrkjartan
blir han anerkjent som barnebarn og tronfølgjar (som han avslår), og overlessa med
gaver og æresprov. Tilbake i Island gifter han seg med Torgjerd Egilsdotter (dotter
Håkon jarl til skalden Egil Skallagrímsson). På nordsida av Laksárdal byggjer Olav På seg ein
død 995 storslått gard: Hjarðarholt, og han blir den rikaste og mektigaste mannen i dalen,
(Olav På) allment vörd for si fredsøle og sitt milde lag.
(Torleik) Mellom halvbrørne Olav På og Torleik er det først uro, fordi Torleik meiner Olav
er forfordelt av faren, men Olav vinn også Torleik's aksept, særleg fordi Olav tek
på seg å fostre Bolle (Torleiksson) for han, saman med sin eigen son Kjartan, bl.a.
Mellom Bolle og Kjartan, omtrent jangamle, utviklar det seg ein hjarteleg venskap.
Kjartan, som faren Olav På, ragar over alle i venleik, kraft og måtar; Bolle står,
kjært og nært, som nummer to.
I første del av soга, held forfattaren seg relativt sterkt til kjeldene sine, og
føyer einskildepisodane tett og kronologisk saman, som kronikør.
Men i hovuddelen maktar han å binde saman historisk overlevering og eigen kunstnarleg
intensjon til eit meir fullenda heile.
- II
Denne hovuddelen begynner med at familien til Osviv blir innført. Dette er ei anna
slekt, busett på Laugar i Sælingsdal, men samstundes også etterkommarar etter Kjetil
Flatnev. Heltinna i denne delen er Gudrun Osvivsdóttir, ein av dei mest opphøgde
kvinnefigurane i islendingesogene: vakker, klok, stolt og lidenskapelig, men med
eit roleg og beherska ytre.
Innslag av det litterært-kunstnarlege ser vi bl.a. i fokuseringa på Gudrun's fire
draumar, som blir tydde av slektningen, rådgivaren, den vise og framsynte Gjest
Oddleivsson den spake. Han legg dei ut som draumar om Gudrun's fire kommandé ektemenn,
og deira lagnader (Torvald i Garpsdal, Tord Ingunnsson, Bolle Torleiksson og Torkjell
Øyolvsson, som Gjest sjølv sagt ikkje nemner med namn).
Etter eit tvangsekteskap med den rike, men ubetydelege Torvald, som ho går ifrå, og
etter eit kjærleiksekteskap med Tord, som snart druknar, lærer Gudrun Kjartan
Olavsson å kjenne. Mellom dei to oppstår snart ein djup kjærleik, som imidlertid
får ei byrjande tragisk vending i og med Kjartan's og Bolle's reise til Norge.
Olav Trgvz Kjartan (som er i følgje med Bolle og andre i Trondheim) vinn seg stort ry og stor
968-1000 åtgaum i hoffet hjå Olav Tryggvason (kappsymjinga!), og tek til slutt ved
k.995-1000 kristendommen hjå kongen (jfr. Gjest's utlegging av 3. draum: "trusskiftet") - Kjartan
(Kjet/Bol) kan ikkje, som han har lova Gudrun, vende tilbake etter dei tilmålte tre åra (han
blir etter kvart halden som "gissel" med tre andre av kong Olav, for at misjoneringa
skal bli gjennomført i Island, og dessutan har han og kongssystema Ingebjørg eit
auge til kvarandre).

Men Bolle vender heim til Island. Han frir til Gudrun, og trass hennar motstand, men mykje grunna Bolles tvetydige ytringar om bakgrunnen for at Kjartan er blitt att i Norge. (som får Gudrun til å tvile på Kjartans truskap), lukkast Bolle i å vinne henne til kone.

Men Kjartan har ikkje gløymt truskapen, og vender straks etter tilbake til Island. Han får høyre om Gudrun og Bolle, men let seg ikkje merke med noko. Han frir til Revna, søstera til reisefølgjet Kalv Ásgeirsson. Etter dette giftarmålet, forfølgjer den djupt krenkte Gudrun med sin byrgskap den ho elskar med hat og misunning. Vennskapen mellom familiane på Laugar og Hjardarholt tek slutt, dei utset kvarandre for gjensidige åtgjerder og fiendtleige handlingar, og det endar - pådrive av Gudruns eggingar - med overfallet på Kjartan: Den unge, opphøgde helten fell ved Bolles hand den beste vennen frå ungdomsåra og no Gudruns ektemann. Her finst det likskapar med og påverknad frå Edda-dikta og frå kvinneskapnadene i helte-dikta i Den eldre Edda. Soga om Brynhild og Gudrun Gjukesdotter har verka inn, dessutan Edda-dikta om Brynhild, Sigurd og Gunnar (Den stutte Sigurðskvida, og Brot av Sigurðskvida). Etter blodhennens lover må Bolle bøte for sin dåd med døden, men før det blir Torkjell på Havratindar i Svinadal ("vitnet" til kampen mellom Bolle og Kjartan, og den som kunne ha avverga drapet) teke av dage av Kjartans bror Halldor Olavsson, eggja til dette av mora Torgjerd Egilsdotter, etter at den fredsale Olav På no er død. Torgjerd eggjar vidare, og reiser saman med gutane sine (Olavssønene) for å drepe Bolle. Dei finn han på stølen saman med Gudrun; det blir Steintor Olavsson som gir han det drepende øksehogget.

No må Gudrun vente i mange år, til Torleik og Bolle Bolleson, sønene hennar, har vakse nok til å kunne hennar faren. Bolle og Torleik gir seg av med Torgils Hallason frå Hordadal og andre (Bolle er 12 år gammal!), for å utføre handlinga. Bolle Bolleson drep Helge Hardbeinsson, som var delaktig i toget mot Bolle Torleiksson. Bak dette ligg også ei kvinnes egging: Gudruns, som også gir Torgils Hallason falsk lovnad om giftarmål for å få han med.

Olav Heilage Endeleg lukkast det Snorre gode å få i stand endeleg fred mellom dei stridande partane.

995-1030
K. 1015-28
(Torl. Bs,
Sol. Bs)

Etter at Gudruns fjerde ektemann, den maktgjerrige høvdingen Torkjell Øyolvsson, er død (han druknar etter å ha vendt tilbake til Island frå ein Norges-tur, der han av kong Olav den Heilage får kyrkjetømer til ei ovstor kyrkje i Island), lever Gudrun som from einbuar. Ho døyir på Helgafell, den garden som ein gong var Snorre godes, og som han bytte mot Gudruns og Osyivs gard. Slutten av soga fortel om Bolle Bolleson og hans ferd til Norge og vidare til Bysants (Konstantinopel, Miklagard).

Karakterskildringa av Gudrun Osyivsdotter er eit høgdepunkt i islandsk forteljekunst. Ho er kjenneteikna av ei uhyggeleg ro, som er hennar måte å reagere på dei fåle hendingane på. Forteljaren forhold seg sakleg og utan lidenskap, og held seg borte frå subjektiv partitaking. Likevel klarar forteljaren å gjere Gudruns indre transparent, og slik får han fram motsetningane i Gudruns vesen og dei splitta kjenslene hennar. Til dømes: Når Gudrun får stole Revnas kostbare kovudplagg og Kjartans sverd, er det eit teikn på det store hatet og den sterke misunninga hennar; bak den gleda som synest ved Kjartans tilbakevending til Island, gøymer det seg djup sorg; og når ho set fram eit smil idet Helge tørkar blodet av sverdet på kleda hennar etter at Bolle Torleiksson er drepen, er det hennens smil. Berre ein einaste gong let diktaren Gudrun tale ope om kjenslene sine: På spørsmål frå sonen Bolle Bolleson, svarar ho endeleg at "Han var eg verst, som eg elska mest".

Forteljaren benyttar seg ikkje støtt av ein knapp, "objektiv" forteljemåte. Fleire stader i soga synest påverknader frå kontinentale ridderromanar. Såleis blir det ofte fortalt om ytre prakt og rikdom, kostbare klede, og ei rekkje kostbare, ovstore gjestebod, og om utsmykka våpen, sálar osv. I slike ridderleg-romantiske sekvansar finst ved sida av sagastil ei framand språkføring: breidde, ordrikdom, stundom tilmed floskelaktig.

Sjølv om hovudpersonane og deler av handlinga kan oppfattast som historisk troverdige, er likevel den historiske verdien at soga ring. Det ser ein av dei grove kronologiske feila, og dessutan av vridde framstillingar av episodar ein kjenner frå andre kjelder. Med visse er Olav På's Irlands-reise og Bolle Bollesons opphald i Bysants blant dei fritt oppdikta elementa. Men som vi ser både i byrjing og slutt (21, 195) forankrar forteljaren soga bl.a. i Are Torgilsson den frode, grunnleggjaren av den vitskaplege sogeskrivinga på Island. Is er ei typisk attesoge, og attelistene er stort sett historisk rette.

Eks. på personkarakterisering gjennom autoral forteljarvurdering (direkte presentasjon), ein del indirekte presentasjon (personal vurdering), og (her i særleg grad:) komposisjon (Den omstendelige vurderinga av OLAV PÅ)

± Neg. (s. 31, og ss. 37-45):

31: Tord Godde: neg. vurdert, pusling, får vern av Hoskuld 37-45: Dei periferere brørne Ingjald og Hall (Hall neg.):

Hall med vennen Torolv på fiske

Strid, Fleire krangler: Torolv dreip Hall

Torolv i slekt med Vigdis (Tord Godde si kone), søker dekn. der

Vigdis (neg.) pressar puslingen Tord til å akseptere

Torolv blir, og får dekning hos Vigdis og Tord

Ingjald (den drepte Hall sin bror) kjem og vil ha hemn

Tord Godde lyg, seier Torolv er ikkje der

Ingjald 'kjøper' Tord Godde med sølv: Tord lovar at

trælen Åsgaut skal 'utlevere' Torolv mordar i ei felle

Tord Godde får trøbbel med kona Vigdis:

Tord lyg om sølv-avtalen, Vigdis gjennomskodar

Vigdis tar på ny styring: sender trælen Åsgaut for nå å

setje Torolv mordar fri

Torolv kjem seg unna Ingjald -

over elva, i dekn. hos annan slektn. av Vigdis (på Saudafell)

Ingjald kjem nå til Tord Godde og Vigdis: vil ha att sølvet sitt

Vigdis tar igjen styring: drar til Ingjald, som slikk av

Vigdis gir trælen Åsgaut sølvet, han blir sett fri

(alt dette: til nedvurdering av puslingen Tord Godde, dertil:)

Vigdis skil seg frå Tord Godde, flytter ut til slektningar

Slektingane krev difor gods frå Tord Godde

Tord Godde må på ny søkje vern hos Hoskuld

Hoskuld gir Tord Godde hjelp, og vernar godset hans

Tord Godde tilbyr og får aksept for sitt framlegg om å - for dette -

foste Hoskuld sin son (med Melkorka): *Olav På*

(Melkorka: 'for ting fostring', men ok)

± Pos. (ss. 24-26, og s. 36):

Innføringa av Olav Feilan: pos. (kollektiv personal,

og Unns personale vurdering, 24-25),

og autoral forteljarvurdering (26))

Hoskuld tar avgjerd om at sonen skal heite *Olav [På]*,

"for då var morbror hans, Olav Feilan, nyleg død" (36): pos.


Slik:

Ved å framstille gode og dårlege kvalitetar ved personar og ved tilhøve mellom personar i éi gruppe.....

...som så blir krytt saman med og repetert som gode og dårlege kvalitetar ved personar og ved tilhøve mellom personar i ei anna gruppe.....

... får sagaen, gjennom slike erstathingar, ikkje direkte, men ad omvegar, gjennom repeterte substitusjonar, sagt noko om (i dette tilfellet:) kvalitetar ved Olav På - og ved dei tilhøve til andre som han vil komme inn i.

Eller slik:



Andre ættesagaer

Egilssoga (Skallagrimsson), Øyrbyggja-soga (om Snorre Gøde), Laksdøla, Njálssoga, Kormakssoga, Halfredssoga, Soga om Gunnleik Ormstunge, Gisle, Ramnkjell, Gretter.

Andre sagasjangrar

Ættesogene, Kongesogene, Biskopssogene, Samtidssogene, Fornaldarsogene, Lygesogene (seine, romantiske soger)

Kontinentale påverknader

Tristan-romanen Tristrans Saga; Elis Saga de Rosamunde; Marie de France sine versnoveller Strengleikar, Chretien de Troye sine Arthur-romanar: Erec, Yvain, Parceval

Håkon Håkonsons moderniseringsprogram på i 1250-60-åra og utover:

Riddarromanar, Tristan ~~og~~ Rosamunda, Chretien de Troyes, Arthus-stoffet: Erec, Yvain, Parceval, osv. Marie de France sine versnoveller

Gjestebeda

For eksempel: Arveølet etter Hoskuld (det største, v/Olav På) s. 73; Olav På og Torgjerds bryllup ss. 62-69; selskapa på Hjarðarholt og på Laugar

Islandske forskarar

Einar Olafur Sveinsson; Sigurd Norddal

Tematikk?

→ Ære, prestisje, makt → Kollisjon
→ Erotikk, drifter, begjære → Ikkje-kollisjon

Dei sosiale, samfunnsmessige konsekvensane av dette.

Ættesagaene er oppstått i ei uroleg tid;

dei er nedskrivne i ei uroleg tid:

Skapelse → Syndefall → Forløyising
Orden → Kaos → Orden

1000 " = " 1262

Løysing "ovanfrå"
i to periodar:

Kring 1000
Gudemakt

|
Ætt

Gudemakt

|
Kongemakt

|
Gryande "individ"

Stabilisering av samfunnet

Stabilisering av samfunnet

Gjentaking av stabilisering etter urolege tider og av skaping(smyte) etter urolege tider.

Blodhemnene

Gudrun(s side)

Torgjerd(s side)

Bolle
(Vitne: Torkjell Havratindar
og gjetarguten) →

Kjartan

Torkjell Havratindar ←

Halldor/Olavssønene (sønene til Olav På,
dvs. Kjartan sine brør)

Bolle ←

Steintor/Olavssønene + Helge Hardbeinsson

.....

Bolle Bolleson →
(som er saman med broren
Torleik Bolleson, og med
+ Torgils Hallason (som er
lurt til å vere med mot
lovnad om giftarmål med
Gudrun)

Helge Hardbeinsson

Forhandlingar v/ Snorre Gøde

Torgils Hallason betaler →

Helge Hardbeinssønene

Torgils Hallason ←
(idet han sit og tel opp
pengane)

drept av Audgisl Torarinsson

Halldor drep →

Audgisl Torarinsson

Komposisjonsstrukturar

Tre halvsoeken/halvfetrar – Splid blant brøer av ein sort:
Hoskuld – Hrut
Torleik – Olav På
Bolle – Kjartan

Draumar (Gudrunns 4. og andre sine): Draum – Tyding – Realisering av draum
Fire ekteskap
Andre draumar, med tyding og med realisering:

Olav På sin draum 83-84f

Ån sin draum for Kjartan 132

Helge Hardbeinsson sin draum 161

Helge Hardbeinsson si utspøring av guten – Tolkning av svara – Realisering av desse

Eggingar

130-136 Gudrun eggjar Bolle til å ta Kjartan;

141 Torgjerd Egilsdóttir (Kjartans mor) eggjar sonen Halldor/Olavssonene til å ta Torleik "vitne";

142f Torgjerd eggjar Steintor/Olavssonene og Helge Hardbeinsson til å ta Bolle;

154ff Gudrun, etter lang venting på sonen Bolle Bolleson si aldring (12 år) eggjar Bolle Bolleson og Torgils til å ta Helge Hardbeinsson;

156f Gudrun eggjar samtidig Torgils Hallason (med falskt løfte om gifternål) til å få han med mot Helge Hardbeinsson.

Deretter: Forlik v/ Snorre góde, men Audgisl dreip Torgils medan han tel pengane opp; straks derpå dreip Halldor (Torgils fosterbor) Audgisl.

Blodhennene (eige skjema)

Are frode – Are frode

Unn den djuptenke – Gudrun nonne

Gjesteboda

Danningstreisene (til Norge, Island)

Konge-sambanda/ hirdmenn – ondæmme

Stridige (eggande) kvinner – i utg.punktet mildare menn

Olav På sine ettergivingar

Gjetarane:

Bolles gjetar 145 – Torleik "vitne" sin gjetar 134 – Helge Hardbeinsson sin gjetar 161f

Forankringar:

Afletta vler, konge-berømingar, referanse til andre sagaer/skrifter (Egilsosoga, Morkenskinna, og andre), stadnamna, osv.)

Fortellarrætorikken

Sverda:

Fotbit – Kongsgåve (ulike forteikn) – Skovrunn (frå dansk oldtid, gjennom dei urolige tidene, tilbake til Koskilde med Gjelle, der der vart gravlagt med Gjelle som kristen mann og sverdet fell til ro at, omslutande heile den kaos/ syndefallstida som har gått. (Nok eit sverd/spyd: Myrkjartansgåve (til Olav På).)

Nedtrappingar:

Bysants-reisa til Bolle Bolleson; Gudrun som from kristen nonne.